

Vedtekter for Tekna – Teknisk-naturvitskapleg foreining, Årdal avdeling

§ 1 Formål

Avdelinga skal bidra til å oppfylle Tekna sitt formål, jf. Tekna sine lover § 2.

Avdelinga har eit ansvar for at foreininga sine aktivitetar vert oppretthaldne og utviklast på det lokale plan.

§ 2 Mandat og omfang

2.1 Mandat

Avdelinga skal leggje til grunn Tekna sitt verdigrunnlag og dei foreiningspolitiske måla si sitt arbeid.

Avdelinga skal på eige initiativ ta opp saker til handsaming som gjeld medlemmane på det lokale plan.

Styret i avdelinga skal halde Tekna sitt hovudstyre og andre organ i Tekna informert om saker av felles interesse, og hjelpe til med råd, uttaler og opplysingar i saker der avdelinga sitt syn er ynskjeleg. Aktiviteten i avdelinga skal bidra til å nå måla i handlingsplanen til Tekna.

Avdelingastyret kan i samråd med Fagutvalet og eventuelt andre avdelingar danne og organisere eit lokalt eller regionalt fagråd, jf. vedtekter for Fagutvalet og Fagleg årsmøte.

2.2 Omfang

Avdelinga består av alle medlemmar av Tekna – Teknisk-naturvitskapleg foreining i Årdal kommune i Vestland fylke.

§ 3 Organisasjon

Avdelinga skal organiserast i samsvar med Tekna sine lover §§ 3 og 8.

3.1 Årsmøte

Årsmøtet er avdelinga sitt øvste organ. Ordinært årsmøte skal:

- godkjenne innkalling og sakliste
- velje ordstyrar, referent og to til å skrive under på årsmøtereferatet
- registrere røysteføre medlemmar
- handsame årsmeldinga, rekneskapen og rapport frå revisor
- handsame styret sitt forslag til prioriterte oppgåver
- fastsetje avdelinga sin kontingent
- handsame styret sitt forslag til budsjett
- handsame eventuelle foreiningspolitiske saker

- handsame eventuelle andre saker som er lovleg innmeldt
- gjennomføre val som skildra under

Årsmøtet skal haldast årleg, innan utgongen av mars. Styret kan avgjere at årsmøtet gjennomførast digitalt, om styret finn dette naudsynt. Tid og stad for ordinært årsmøte kunngjerast på eigna måte for medlemmane minst seks veker før årsmøtet. Frist for innmelding av saker til handsaming er fire veker før årsmøtet. Innkalling med sakliste og saksdokument skal kunngjerast seinast to veker før årsmøtet. Det er tilstrekkeleg med e-post og nettsider.

Ekstraordinært årsmøte vert halde om styret avgjer det eller om det vert kravd av minst 5 medlemmar. Kravet skal leggjast ved forslag til saksdokument. Tid og stad for ekstraordinært årsmøte, sakliste og saksdokument, kunngjerast på eigna måte for medlemmane minst to veker før det ekstraordinære årsmøtet.

Styret skal straks kunngjere gjennomførte val og fastsett kontingent til avdelinga sine medlemmar og Tekna sitt generalsekretariat.

Val

Årsmøtet vel eit styre til avdelinga, eventuelt med varamedlemmar. Leiaren vert vald fyrst og særskild for eitt år. Dei andre styremedlemmane si funksjonstid er normalt to år, slik at halve styret er på val kvart år. Varamedlemmane si funksjonstid er eitt år. Alle medlemmar er pliktige til å ta imot val, jf. Tekna sine lover § 6.

Årsmøtet vel revisor og valnemnd, herunder leiar. Funksjonstida er eitt år.

Årsmøtet vel representantar og vararepresentantar til Tekna sin representantskap, jf. Tekna sine lover § 14.

Valnemnda innstiller medlemmer til avdelingsstyret, til representantar og vararepresentantar til Tekna sin representantskap og revisor. Avdelingsstyret innstiller medlemmer til valnemnda.

Vedtak

Års- og medlemsmøter har avgjerdsmynde når det er lovleg innkalla. På årsmøtet kan det berre gjerast vedtak i saker som står på saklista i innkallinga.

Val og andre vedtak på årsmøtet skal gjerast med simpelt fleirtal, dersom ikkje anna er bestemt i desse vedtektene. Røysterett følger Tekna sine lover § 5. Også styremedlemmar har røysterett. Ved likt røystetal vert vidare framgangsmåte avgjort av ordstyrar. Om naudsynt tek ein loddtrekking.

Det er berre mogleg å røyste ved personleg oppmøte eller via skriftleg fullmakt til ein annan medlem. Kvar medlem kan berre ha to fullmaktsrøyster i tillegg til si eiga røyst.

3.2 Styret

Avdelinga sitt styre skal utgjerast av leiar, nestleiar, kasserar og to til fire styremedlemmar. Det er i tillegg høve til å velje inn to varamedlemmar.

Styret leier avdelinga i tida mellom årsmøta.

Styret førebur og kallar inn til årsmøte. Styret rapporterer til årsmøtet om utført arbeid i

valperioden og legg fram med forslag til oppgåver for det komande året. Styret skal orientere medlemmane om verksemda si.

Styret skal innan 1. april kvart år sende årsmelding med rekneskap om verksemda i året som har gått til hovudstyret, jf. Tekna sine lover § 12.

Styret kan på eige initiativ setje ned faste eller mellombelse utval og gje plass i styret med tale- og forslagsrett til personar som ikkje er valde styremedlemmar.

Styret har avgjerdsmynde når minst halvparten inklusive leiar eller nestleiar, er til stades. Vedtak på styremøter gjerast med simpelt fleirtall. Ved likt antal røyster er leiaren si røyst avgjerande.

Avdelinga er knytt til Tekna sitt sekretariat ved eit distriktskontor i Tekna. Styret kan søkje rettleiing og hjelp i tråd med gjeldande instruks for distriktskontora.

§ 4 Økonomi

Det skal førast regnskap for avdelinga. Rekneskapen skal kontrollerast av revisor og handsamast på årsmøtet. Avdelingskontingenten vert fastsett i samsvar med Tekna sine lover § 23 og Tekna sine vedtekter om storleiken til kontingenten.

§ 5 Endring av vedtekter og oppløysning

For å gjere endringar i vedtektene krevst det 2/3 fleirtall på ordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal vere gjort kjent i innkallinga. Vedtak om endring må dessutan godkjennast av Tekna sitt hovudstyre for å vere gyldig.

Oppløysning av avdelinga skal skje i samsvar med Tekna sine lover og elles med same vilkår som vedtektsendringar, men det vert kravd i tillegg vedtak i to påfølgjande årsmøter. Andre gongs vedtak om oppløysning kan gjerast på eit ekstraordinært årsmøte som vert halde minst seks veker etter det ordinære årsmøtet. Viss avdelinga vert oppløyst, skal eigedelane disponerast som vert bestemt av Tekna sitt hovudstyre.

---ooOoo---

Desse vedtektene er oppdaterte og vedtekne på årsmøtet 12.02.2025 og godkjent av Tekna sitt hovudstyre 08.05.2025 med heimel i Tekna sine lover § 3, punkt 8. Desse vedtektene avløyer vedtekter vedtekne av årsmøtet 09.02.2021. Endringar av vedtektene kan berre gjerast i ordinært årsmøte i avdelinga og må godkjennast av Hovudstyret.